



# Velkommen til Fjordkysten regional- og geopark



## – eit UNESCO-sertifisert skattkammer av natur, geologi og opplevingar!



Lihesten, Hyllestad kommune

Foto: Espen Bråten

Fjordkysten regional- og geopark dekkjer kommunane Solund, Hyllestad, Fjaler, Askvoll og delar av Sunnfjord.

I parkområdet finn du spanande stoppestader, ei rekkje turmål og stader som inviterer til utforskning, anten på eiga hand eller i følgje med lokalkjende omvisarar.

I kvar kommune finn du eigne besøksenter som formidlar ulike sider ved den særmerkte natur- og kulturarven i regionen.



Brurastakken, Askvoll kommune

Foto: Espen Bråten



Storehesten (Kvamshesten), Sunnfjord kommune

Foto: Helge Klønås

### Kvifor UNESCO her? Fordi naturen vår er heilt spesiell!

Fjordkysten rommar ei dramatisk og rik geologisk historie som har forma landskapet vi ser i dag, frå frodige marker og djupe fjordar til bergartar av internasjonal betydning.

Her finn du mellom anna konglomerat, eklogitt og granatglimmerskifer, alle døme på bergartar som ber vitne om den enorme kaledonske fjellkjeda sin vekst og fall. UNESCO-statusen er eit kvalitetsstempel og naturarven her er uvanleg lett tilgjengeleg, og difor viktig for forståinga av geologien på verdsbasis.

Geoparkane er ein del av UNESCO-programmet «*International Geoscience and Geoparks Programme*» og utgjer UNESCO si tredje områdeutmerking, saman med *biosfæreområde* og *verdsarv*.



Dalsfjorden med Kringla og Laukelandsfossen, Fjaler kommune

Foto: Visit Fjordkysten & Sunnfjord

### Opplev meir – lær meir – bli inspirert!

Fjordkysten regional- og geopark ynskjer å gjere natur- og kulturhistoria levande. Geologi handlar nemleg ikkje berre om stein. Det handlar om alt som formar livet: landskapet, jordsmonnet, ressursane og prosessane som bind fortid, notid og framtid saman.

Vi tilbyr spanande turar, aktivitetar for heile familien, undervisning på alle nivå og prosjekt som styrkjer natur- og kulturarven nettopp her.


Alt dette bidreg til eit meir berekraftig og lærerikt reisemål- perfekt for deg som vil oppleve noko ekte, vakkert og meningsfullt.



Lågøystolane, Solund kommune

Foto: Magnus Furuseth

## Velkomen til oss!



Eit geologisk kart som syner bergartane i geoparken, og besøkslokalitetane våre/A geological map showing the rock types of the geopark, together with our visitor locations.




Welcome to the Fjord Coast Regional and Geopark – a UNESCO-recognised treasure trove of nature, geology and experiences!

The Fjord Coast Regional and Geopark encompasses the municipalities of Solund, Hyllestad, Fjaler, Askvoll and parts of Sunnfjord. Within the geopark, you will find fascinating visitor sites, a wide range of hiking destinations, and places that invite exploration, whether on your own or accompanied by knowledgeable local guides. Each municipality has its own visitor centre, offering insights into different aspects of the region's distinctive natural and cultural heritage.

**Why UNESCO here? Because our natural environment is truly unique!**

The Fjord Coast is home to a dramatic and remarkable geological history that has shaped the landscape we see today – from fertile lowlands and deep fjords to rocks of international geological significance. Among the rock types found here are conglomerate, eclogite and garnet mica schist, all of which bear witness to the rise and collapse of the immense Caledonian mountain range. UNESCO Global Geopark status is a mark of quality, and the area's geological heritage is exceptionally accessible, making it an important place for understanding geology on a global scale. Geoparks form part of UNESCO's *International Geoscience and Geoparks Programme (IGGP)* and represent UNESCO's third designation for areas of international significance, alongside *Biosphere Reserves* and *World Heritage Sites*.

**Experience more – learn more – be inspired!**

The Fjord Coast Regional and Geopark aims to bring the region's natural and cultural heritage to life. Geology is about far more than rocks alone. It is about everything that shapes our lives: the landscape, the soil, the natural resources, and the processes that connect the past, present and future.

We offer exciting guided tours, activities for the whole family, educational programmes at all levels, and projects that help to strengthen and preserve the area's natural and cultural heritage. Together, these initiatives contribute to a more sustainable and enriching destination – perfect for those who wish to experience something authentic, beautiful and meaningful.

**Welcome!**



Skann for å utforske geoparken og besøkslokalitetane våre!  
Scan to explore our geopark and visitor sites

